


Til Spania for å hjelpa sjuke..

23.08.2007

Den unge fysioterapeuten, Yngve Myhre(26), går spennande tider i møte. Over helga reiser han til Spania for å byrja i jobb ved Den Norske Revmatikerforrening sitt behandlingssenter Reuma-Sol. 29.august har han første arbeidsdagen sin der.



Yngve Myhre

Yngve har utdanninga si frå høgskulen i Bergen, og han har nett avslutta turnustenesta. Først var han eit halvt

år ved Haukeland sjukehus. Deretter har han hatt ein like lang periode i Kvam herad.

Han fortel at det er eit norsk miljø han kjem til i Spania. – Det vert norske kollegaer og norske pasientar. Det er nordmenn som slit med revmatiske plager og andre kroniske sjukdommar som får behandling der. Det er bra fasilitetar på senteret som mellom anna har 44 leiligheter og eit hotell. Der er eit stort og velkvalifisert fagteam som arbeider der.

På spørsmål om kva forventningar han har til opphaldet fortel han at det sjølvsagt fristar med sol og varme, men den jordnære ungdommen legg til at han ventar at det vert mykje jobb. – Det vert forventa minst 10 behandlingar pluss gruppebehandlingar dagleg. Dessutan håpar eg jo å lære litt språk i tillegg til at eg ønskjer å reisa litt rundt og ta del i den spanske kulturen.

- Er dette draumejobben?

- Nja, ikkje økonomisk då.... Men eg har ofte tenkt på å oppleva eit år utanlands. Utvekslingsstudent og anna. Tidlegare har det berre vorte med tanken. Når eg no såg meg om etter jobb, var dette første jobben eg søkte. Såleis er det nok temmeleg nær ein draumejobb.

- Så no vert du verande i Spania ein del år framover?

Yngve fortel at han i første omgang er tilsett for ni månader fram til 1.juni neste år. Kjem det tilbod om forlenging då, vil han sjølvsagt vurdera det. I den vurderinga vil han og ta med at han er svært glad i Norge og norsk vinter og natur.

Vi ønskjer den forventningsfulle fysioterapeuten lukke til, og skjønar godt at han ser fram til den forlokkande muligheten han har fått.

Stoff om Reuma-Sol-senteret finn de på [www.reuma-sol.com](http://www.reuma-sol.com)

Av: Thor Inge Døssland.